



Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Halvor Røssum, 5764 3144

## Vi tilrår vern av Vestreim som naturreservat

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Vestreim i Sogndal kommune. Skogen i det tilrådde verneområdet er kjenneteikna av ulike skogtypar. I det høgareliggende området lengst nord finn ein gammal boreal lauvskog med furu. Lenger sør er det gamal og skrinn heifuruskog, medan dei sørlegaste og lågaste områda er dominert av gammal furuskog med høg bonitet. Skogområde med høg bonitet er mangelfullt dekkja av skogvernet, og eit vern av Vestreim vil difor bidra til å oppfylle manglar ved eksisterande vern. Det føreslegne verneområdet er lokalisert på delar av gardsnummer 94 bruksnummer 1, og er eigd av ein privat grunneigar.

Området vi tilrår er vesentleg redusert etter høringsrunda for å ta omsyn til ei mogeleg framtidig bygging av ei kraftlinje og er no på 2338 dekar.

### Sakshandsaming

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring	Tilråding
Vestreim	19.06.2020	22.09.2021	14.12.2022	<i>Dato dagsett dette dokumentet</i>

Vestreim vart kartlagd for fyrste gong hausten 2020 etter at området vart tilbydd til staten for frivillig skogvern nokre månader tidlegare. Delar av området vart vurdert til å vere viktig (B-verdi), noko som tilsvarar regional verdi. Oppstarts- og høringsdokument vart sendt til aktuelle høringsinstansar og kunngjort i lokale avisar og på nettstaden vår. AT Skog har hatt dialogen med oss på vegner av grunneigaren.

### Heimelsgrunnlag

Vestreim blir tilrådd verna i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33 – 51. Generelle mål for områdevern følgjer av naturmangfaldlova § 33. Det er heimel i lova for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Oppretting av Vestreim som naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter naturmangfaldlova § 37 a, b og c.



## Verneverdiar og verneformål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eldre og naturprega furuskog og boreal lauvskog representativ for indre delar av Sognefjorden. Vestreim ligg i mellomboreal vegetasjonssone i svakt oseaanisk vegetasjonsseksjon. Det tilrådde verneområdet ligg i ei sørvendt li, og høgdenivået varierer frå om lag 500 til om lag 800 meter over havet. I området finn ein ulike skogtypar. Lengst nord i dei høgstliggande områda er det gammal boreal lauvskog med furu. Lenger ned i lia er det gammal og skrinn heifuruskog. Dei sørlegaste, og lågtliggande områda er dominert av gammal furuskog med høg bonitet. Skogområde med høg bonitet er dårleg dekkja av skogvernet, og er difor særleg interessante for vern. Lokaliteten husar furu av store dimensjonar, truleg eldre enn 150 år. Det er god variasjon i daud ved på Vestreim, både ståande og liggjande og med ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad.

Dei største verneverdiane i området er knytt til den gamle furuskogen i dei lågare delane av verneområdet. Her finn ein skog med variert alder, som under kartlegging utført av Rådgivende Biologer i 2020 vart kartlagt som viktig (B-verdi). Her er det registrert arten gubbeskjegg, som er på raudlista med status som nær truga (NT). Rådgivende Biologer AS vurderte og at det er potensiale for ytterlegare funn av raudlista artar knytt til daud furu i området.

Å opprette eit naturreservat for å unngå inngrep i området er difor viktig. Vestreim ligg nær fleire andre naturreservat som er oppretta dei siste åra, og vil styrke nettverket mellom skogvernområde nord for Sognefjorden i indre fjordstrøk. Innanfor ein radius på fire- fem km ligg naturreservata Breisete, Loftesnes, Luster allmenning, Rodeholene og Stedjeberget.

## Områdestatus

Det tilrådde naturreservatet er regulert til landbruk-, natur og friluftsliv-areal (LNFR). Bruken av området er avgrensa. Beiting og jakt er dei to viktigaste bruksområda. Verneforskrifta tek omsyn til den bruken som er av området i dag, slik at den i stor grad kan halde fram som tidlegare. Brukarinteressene i området, og korleis verneforskrifta tek omsyn til desse, blir meir detaljert skildra i neste avsnitt.

## Brukarinteresser

### Jordbruk, skogbruk og kulturminne

Området blir nytta til beiting, primært frå sau. Verneforskrifta opnar difor for utsetjing av saltstein og for naudsynt motorferdsle i samband med uttransport av sjuke eller skadde bufe. Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi dispensasjon til oppsetting av gjerde i samband med beiting.

I vest grenser delar av det føreslegne verneområdet mot ein teig som ligg under gards- og bruksnummer 94/26. Det finst ei gamal avtale som seier at eigaren av 94/26 kan køyre ut tømmer over det tilrådde naturreservatet til eit område som på kartet heiter Grautafatet. Der er det ein traktorveg som ein kan nytte for vidare transport av tømmeret. Forslaget til verneforskrift § 7 bokstav l opnar difor for at eigaren av 94/26 kan søke om å få køyre ut tømmer hogd på teigen på snødekt og frosen mark til næraste traktorveg.

I Svartedalen er det eit gammalt stølsområde som ikkje er i bruk lenger. På stølsvollen står gamle steinmurar att som kulturminne. Dette stølsområdet var trekt ut frå tilbodsområdet av grunneigar, og låg såleis som ei øy inne i tilbodsområdet. Stølsområdet ligg etter reduksjonen av verneområdet nord for vernegrensa, heilt utanfor verneområdet.



Det er eit par kokegroper i området, som ikkje er kartfesta. Kulturminne som dette vil kunne bli sett i stand i samråd etter løyve frå kulturminnestyresmakta.

### **Jakt og friluftsliv**

Det blir jakta hjort i området. For at dette lettare kan halde fram opnar tilrådinga til verneforskrift for forsiktig rydding av småbusker og kvist under 5 cm diameter i etablerte siktelinjer i samband med storviltjakt. I tillegg vil oppsetting av mellombelse jakttårn for storviltjakt og utkøyning av felt hjort med lett beltekøyretøy òg vere lov. Det står ein gapahuk i området som mellom anna blir nytta som jaktbu, i tillegg til ei eldre bygning. Desse vil kunne haldast ved like, slik at tilstanden er i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

I det tilrådde verneområdet er det ein del dyretrakk, men ingen etablerte eller merka turstiar. Dette avgrensar naturleg ferdsla i området, og området er dermed lite bruk til denne type friluftsliv. På kart er det usamanhengjande stipla linjer som startar og sluttar litt tilfeldig.

Sogn Terrengsykkel informerte i sitt svar til oppstartsmeldinga at det er noko sykkelaktivitet i delar av området. Vidare bad dei om at stiane det har vore sykling på blir teikna inn i vernekartet slik at det vert lov å sykle på desse. Vi har vore ute i felt og gått langs alle disse trakka, og vurdert at dei ikkje eignar seg til sykling. Det er stadvis mykje daudt trevirke over trakka, og stiane er ikkje i aktiv bruk av andre enn av beitedyr eller vilt, eller under jakt.

Det tilrådde området har eit urørt preg, og dei få stiane er truleg mest dyretrakk. Vi tilrår difor at det ikkje skal vere lov å sykle i naturreservatet, for å skåne vegetasjonen mot auka ferdsel og tilhøyrande slitasje. Vi oppfattar det slik at sti-syklistar framleis vil ha tilgang til andre, meir attraktive, stiar i området rundt Kaupanger, og at vi difor kan vekke verneverdiane tyngre i denne konkrete vurderinga. I høyringa foreslo vi å opne for sykling til Svartedalen, men ikkje elles i verneområdet. Stien/traktorvegen til Svartedalen ligg ikkje innanfor den tilrådde vernegrensa, og verneforskrifta vil difor ikkje regulere bruken av denne.

### **Kraftlinje**

Rett nord for stølsvollen i Svartedalen går det ei 66 kV-kraftlinje. Eigar av kraftlinja, Sygnir AS, informerte i ei uttale etter oppstartsmeldinga om at det kan bli aktuelt å oppgradere denne. I tillegg informerte Sygnir AS om at det i framtida kan bli aktuelt å etablere ei 132 kV-linje mellom Årøy og Kaupanger. Vurderingane vi har gjort knytt til denne kraftlinja er beskrive i eit eige kapittel.

### **Innspel under behandlinga av verneplanen**

Vi sendte verneforslaget ut på høyring 14. desember 2022. Innan høyringsfristen 19. februar 2023 kom det inn seks uttalar. [Sygnir AS](#) sitt høyringsinnspel er omtala i eit eige kapittel.

[Statnett](#) og [Statens Vegvesen](#) hadde ingen merknadar til verneframlegget.

[Forsvarsbygg](#) registrerte at dei generelle unntaka frå ferdselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd, i tillegg til landing og start med Forsvarets luftfartøy, og hadde ingen ytterlegare merknadar til verneframlegget.

[NVE](#) informerte i si høyringsfråsegn om at det er kartlagt eit digitalt småkraftverk som ligg nært det føreslegne verneområdet, med eit årleg produksjonspotensial på 1,11 GWh/år og ein spesifikk utbyggingskostnad på 6,9 NOK/kWh (2021-prisar). NVE bad om at grunneigar vert informert om vasskraftpotensialet.



*Statsforvaltaren* tek fråsegna til vitande, og har informert AT Skog om kraftpotensialet i området.

Norsk Orientering ber om at det skal vere lov med orientering i verneområdet. Dei har erfart at verneforskriftene ofte er til hinder for gjennomføring av turorientering og mindre orienteringsløp i verneområde, til trass for at arrangementa ikkje forringar verneverdiane. I tillegg peiker dei på at eventuelle vedtak om restriksjonar og avgrensing av aktivitet ofte manglar fagleg grunngjeving. Saman med fleire andre organisasjonar, mellom anna Norsk Friluftsliv, har Norsk Orientering kome med forslag til endringar i forskriftsmalen for naturreservat.

*Statsforvaltaren* er kjend med at Norsk Orienteringsforbund er i dialog med Miljødirektoratet om bruk av standardiserte verneforskrifter og regulering av arrangement som orienteringsløp i naturreservat. Fram til det eventuelt kjem nye føringar frå Miljødirektoratet rettar vi oss etter den gjeldande forskriftsmalen for naturreservat. Det finst ikkje samanhengande merka og registrerte tur- og friluftsruter i området og vi vurderer at det er mindre aktuelt med orienteringsverksemd her. Vi vil likevel vise til at verneforskrifta § 7 bokstav a, der forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til avgrensa bruk av naturreservatet til større arrangement.


### **Vurderingar knytt til framtidig behov for kraftlinjer i området**

Rett nord for stølsvollen i Svartedalen går det ei 66 kV-kraftlinje. Eigar av kraftlinja, Sygnir AS, informerte i ei uttale etter oppstartsmeldinga om at det kan bli aktuelt å oppgradere denne. I tillegg informerte Sygnir om at det i framtida kan bli aktuelt å etablere ei 132 kV-linje mellom Årøy og Kaupanger. Sygnir skreiv i sitt høyringssvar at det berre er to aktuelle trasé-alternativ. Det eine alternativet er å legge den nye kraftlinja parallelt med noverande kraftlinje gjennom det føreslegne naturreservatet. Det andre alternativet er å legge den nye kraftlinja vest for det føreslegne naturreservatet.

Sygnir skriv i høyringssvaret sitt at det beste alternativet, både for naturverdiane og kraftlinjeplanane i området, er å legge den nye 132 kV-linja i same trasé som dagens kraftlinje. Dei argumenterar med følgjande:

- Det må ryddast meir skog om ein etablerer den nye kraftlinja på vestsida av naturreservatet enn om den går langs noverande kraftlinje.
- Det er fleire skogsvegar i nærleiken av noverande trasé, så om den nye 132 kV-linja blir bygd i eit parallelt løp til dagens kraft *trasé* vil det ikkje bli behov for å etablere like mange nye anleggsvegar/traktorvegar.
- Den eksisterande linjetraseen er meir skjerma for vind og ver, og dermed meir driftssikker, enn traseen på vestsida.
- Traseén på vestsida vil vere godt synleg frå det populære turmålet Hesteggi, og difor meir dominerande i landskapet enn å etablere den nye kraftlinja parallelt med eksisterande trasé.

Sygnir bad i si høyringsuttale difor om at det vert sett av ein 100 meter brei korridor langs den eksisterande kraftlinja slik at ei framtidig 132 kV-linje til Kaupanger kan etablerast i denne korridoren. NVE støttar Sygnir i dette punktet i si høyringsuttale. Sygnir har i seinare korrespondanse med oss poengtert at den nye kraftlinja må gå i eit parallelt løp sør/vest for den eksisterande kraftlinja, og at denne vil såleis bandlegge ein 70 meter brei trasé på sørsida av eksisterande kraftlinje.



Utklipp frå Sygnir si høyringsuttale datert 16.03.2023 viser dei to aktuelle linjetraseane. Heil blå linje er dagens trasé som også er aktuell for parallelt løp av ny og større linje. Alternativ trasé for ei ny 132 kV-linje mellom Årøy og Kaupanger er den stipla blå linja på vestsida av tilbodsområdet, men i følgje Sygnir vil denne krevje eit større samla terrengingrep i form av hogst og rydding. I tillegg vil den kunne bli meir dominerande i landskapet.


Ei verneforskrift kan ikkje opne for etablering av heilt nye kraftlinjer innanfor vernegrensene. Om ein skal bygge ei ny 132 kV-kraftlinje kan dermed ikkje traseen ligge inne i naturreservatet. I dette tilfellet kan vi difor legge til rette for bygging av ny kraftlinje i det alternativet som Sygnir meiner er den beste traseen på to ulike måtar; anten ved å ha ein «uverna» korridor som deler verneområdet i to, eller ved å trekke nordleg vernegrense sør for eksisterande kraftlinjetrase.

Naturkvalitetane i Vestreim-området er hovudsakleg knytt til skogen som ligg sørvest for den noverande kraftlinja. I området nordaust for kraftlinja består skogen av høgareliggjande og uproduktiv skog, noko som ikkje er prioriterte kvalitetar i skogvernet i dag. Det er heller ikkje registrert naturtypelokalitetar eller raudlista artar her. Delområdet nordaust for kraftlinja har, etter våre vurderingar, ikkje store nok naturkvalitetar til at det kan vernast når det ikkje heng saman med den produktive skogen i sør. Å grense ut ein korridor som deler verneområdet i to er difor ikkje eit godt og naturfagleg grunngjeve alternativ.



Vi tilrår difor å trekke den nordlege vernegrensa slik at den går minst 80 meter sør for den noverande kraftlinja. Dette sikrar nok areal på sørsida av noverande kraftlinje til å byggje ei ny kraftlinje (70 meter), i tillegg til at det vil bli ei kantsone mellom den eventuelt nye kraftgata og verneområdegrensa (minst 10 meter). Ei slik løysning sikrar mogelegheita for å kunne planleggje ei ny kraftlinje mellom Årøy og Kaupanger i ein trasé som samla sett forbruker minst mogeleg areal, samstundes som dei prioriterte naturverdiane i området blir teke vare på for framtidige generasjonar.

Området vi tilrår verna er vesentleg mindre enn området vi har sendt ut på høyring. Difor må området reforhandlast, slik at grunneigar får eit oppdatert økonomisk tilbod basert på vår tilråding.



Kartet til venstre viser verneområdet som vart sendt ut på høyring. Kartet til høgre viser det tilrådde verneområdet, som er betydeleg redusert.

## Endringar under behandlinga av verneplanen

Etter høyringa har vi endra vernegrensene for å ta omsyn til eit mogeleg framtidig behov for nye kraftlinjer mellom Årøy og Kaupanger. Vurderingane som ligg til grunn for denne endringa er skildra i eit eige kapittel i dette dokumentet. Arealet er redusert med om lag ein fjerdedel etter høyringa. Sjølv om vi har redusert verneområdets omfang vurderer vi at dette ikkje krev ei ny høyring, sidan området som var på høyring var meir omfattande enn det vi no tilrår.

Etter reduksjonen av området er det ikkje kraftlinjer, traktorvegar, eller avmerkte stiar innanfor dei tilrådde vernegrensene. Difor har reduksjonen av arealet ført til nokre endringar i verneforskrifta.

- I § 4 bokstav e har vi endra ordlyden slik at den handlar om drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg *inntil* verneområdet heller enn energi- og kraftanlegg *i eller inntil* verneområdet.



- § 4 bokstav f og § 7 bokstav j i verneforskrifta som vart sendt på høyring er fjerna i tilrådd verneforskrift. Begge desse paragrafane handla om oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet. Paragrafane er fjerna fordi det ikkje er kraftlinjer å oppgradere eller fornye innanfor vernegrensene.
- I det som no er § 7 bokstav j er ordlyden endra slik at forvaltningsstyresmakta både kan gi dispensasjon til naudsynt motorferdsel i samband med etablering av nye kraftlinjer, og i samband med oppgradering og fornying av eksisterande linje.
- I § 4 bokstav d har vi fjerna ordet «traktorveg».
- § 6 bokstav e, som handla om naudsynt motorferdsle på traktorveg, er fjerna.
- § 5 bokstav b er også endra, frå «Utanom eksisterande traktorveg og stiar, avmerkt på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode» til «Bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.», fordi det ikkje lenger er avmerkte stiar eller traktorveg på vernekartet.

Etter oppstartsmeldinga fekk vi informasjon om ei avtale mellom eigar av gards- og bruksnummer 94/1 og 94/26 om rett til utkøyring av tømmer over delar av tilbodsområdet. Difor vart det som no er § 7 bokstav l lagt til i verneforskrifta, som seier at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi dispensasjon til «naudsynt motorferdsle på frosen eller snødekt mark til næraste traktorveg i samband med utkøyring av tømmer felt på eigedom 94/26».

### **Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar**

Det vil vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens Naturoppsyn (SNO).

Forvaltningsstyresmakta må sørge for tilgjengelege ressursar for administrasjon av området, til dømes ved handsaming av dispensasjonssøknadar, utarbeiding av forvaltningsplan og dialog med naturoppsynet.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Arealendringar er av dei største trugslane mot naturmangfaldet, både globalt og lokalt. Å verne Vestreim mot fysiske inngrep vil vere positivt for naturmangfaldet i området, etter naturmangfaldlova § 8. Eit vern vil redusere den samla belastninga på dei aktuelle artane og naturtypene i det tilrådde området, etter naturmangfaldlova § 10. Det er fleire andre naturreservat i området rundt Kaupanger, og vern av Vestreim vil vere med på å styrke dette nettverket av verneområde. Dette er og positivt naturen ein finn utanfor verneområda, då verneområde kan fungere som ei kjelde for artar og naturtypar. Å verne Vestreim som naturreservat vil berre vere positivt for naturmangfaldet i området. Difor vil ikkje prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 bli vurdert nærare, etter rettleiar om naturmangfaldlova kap. 2 frå 2016.

### **Statsforvaltaren si tilråding**

Statsforvaltaren i Vestland tilrår å opprette Vestreim naturreservat i Sogndal kommune. Vernekart og verneforskrift ligg ved denne tilrådinga.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Vedlegg:

- 1 Framlegg til verneforskrift Vestreim\_Sogndal
- 2 Framlegg til vernekart Vestreim\_Sogndal

## Kopi til:

Anders Selseng	Vestreimsvegen 5	6854	KAUPANGER
AT SKOG SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
BRATT MORO AS	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Dronningens gate 11	0152	OSLO
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORSK FRILUFTSLIV	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	Postboks 7030	5020	BERGEN
KAUPANGER HOVEDGÅRD NILS JOACHIM KNAGENHJELM	Kaupanger Hovedgård Jektestrondi 2	6854	KAUPANGER
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET	Postboks 8112 DEP	0032	OSLO
KS-KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
KVINNHERAD ENERGI AS	Skålagato 50	5470	ROSENDAL
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 56	7701	STEINKJER
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
KAUPANGER IDRETTLAG	Kaupanger idrettslag Postboks 30	6854	KAUPANGER
Magne Bruland Selseng	Skogavegen 88	6854	Kaupanger
NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NATURHISTORISK MUSEUM	Sars' gate 1	0562	OSLO
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO





NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
BIRDLIFE NORGE	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	v/Nils Christian Bjørge	6926	KRAKHELLA
AVDELING SOGN OG FJORDANE	Sandvik Gard		
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 102 Blindern	0314	OSLO
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
NTNU VITENSKAPSMUSEET	Erling Skakkes gate 47	7491	TRONDHEIM
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
Rune Nornes Valeberg	Mannhellervegen 548	6854	Kaupanger
SABIMA	Mariboës gate 8	0183	OSLO
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113	6809	FØRDE
SOGN OG FJORDANE ENERGI AS	Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
DNT SOGN OG FJORDANE	Storgata 1	6993	HØYANGER
SOGN TERRENGSYKKEL	c/o Petter Andreas Strøm Kleivane 27	6856	SOGNDAL
SOGNDAL IDRETTSKLAG	Postboks 164	6856	SOGNDAL
SOGNDAL JEGER- OG SPORTFISKARLAG	Postboks 30	6851	SOGNDAL
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SOGNDAL TURLAG	Helgheimsvegen 14	6856	SOGNDAL
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
STATKRAFT SF	Lilleakerveien 6	0283	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
UNIVERSITETET I BERGEN	Postboks 7800	5020	BERGEN
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Stakkevollan	9037	TROMSØ
STATENS VEGVESEN VEGDIREKTORATET	Postboks 8142 DEP	0033	OSLO
VEST POLITIDISTRIKT	Postboks 85	6901	FLORØ
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL



STIFTELSEN WWF VERDENS NATURFOND

Postboks 6784 St Olavs  
Plass

0130 OSLO

Sogndal og Leikanger Bonde- og  
Småbrukarlag

Norsk Organisasjon for Terrengsykling  
NOTS

Postboks 7079 St.  
Olavsplass

0130 OSLO

Sogndal Bondelag